



Statens vegvesen

E134 Flothyl – Haukeli del 1

1 Innkomne merknadar

Offentlege instansar og naboar fekk tilsendt nabovarsel 29.09.25. Svarfristen blei sett til 14.10.25 og det kom fem merknadar.

Eigedom/instans	Merknad	SVV sin kommentar
Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark	Statsforvaltar kan ikkje sjå at tiltaket kjem i vesentleg strid med nasjonale eller viktige regionale omsyn som skal ivaretakast i dispensasjonssøknadar. Ingen merknadar.	Teke til orientering.
Telemark fylkeskommune	<u>Vassressursforvaltning</u> Vegen ligg i sin heilskap langs vassførekomsten Flothylåi-Kjelaåi (ID: 016–2861–R). Tiltakshavar oppgjer at breiddeutvidinga ikkje vil påverke vassdraget utover det dagens veg gjer. Vi merkar oss at oversende dokument ikkje omtalar tilstand i eller påverknader på bekkane i Flothylåi bekkefelt (ID 016–3096–R), utover at brua over Vardhovdbekken skal bytast ut med stikkrenne. Etter vår vurdering vil overgangen til stikkrenne innebære ei forverring i høve til dagens løysing med bru, og vi frårår difor dette. Oppmodar om at brua vert utvida, eller at ein tek i bruk halvkulvert som bevarer den naturlege bekkebotnen. Det er viktig at den nye løysinga ikkje skaper barrierar i vassdraget. Viser til retningsline i vassforvaltningsplanen, særleg retningsline 1.2 og 1.3. Minner om at dei andre bekkane i bekkefeltet òg må takast omsyn til, både i planlegginga, anleggsfasen og driftsfasen. <u>Automatisk freda kulturminne</u>	Det er gjort ei flaumvurdering av Vardhovdbekken. Resultatet av vurderinga vil bli lagt til grunn for dimensjoneringa. Det vil bli sendt inn søknad om fysiske tiltak i vassdrag, og detaljar og val av løysing vil skildra og vurdert i denne. Det er eit mål å etablere ei løysing som kan bidra til å forbetre tilstanden.



Statens vegvesen

	Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne som kjem i konflikt med tiltaket. Vi vurderer det òg som mindre sannsynleg at ikkje kjente, automatisk freda kulturminne er bevart i det aktuelle området, og har difor ingen merknader til tiltaket. Vi vil likevel gjere merksam på <i>meldeplikta</i> etter kulturminnelova § 8 andre ledd. Meldeplikta oppstår når det vert oppdaga automatisk freda kulturminne som ikkje var kjente på førehand. Føresegna legg eit klart ansvar på tiltakshavar om å følgje stanse- og meldeplikta. Tiltakshavar skal forsikra seg om at dei som utfører arbeidet på staden er kjent med stanse- og meldeplikta, men det er tiltakshavar sjølv som står ansvarleg for at freda kulturminne ikkje vert skadd. Telemark fylkeskommune er rette adressat for ei eventuell melding.	Teke til orientering.
NVE	Som det er omtalt i rapporten frå SVV er det planlagde tiltaket utsett for flaum- og skredfare. NVE legg til grunn at dette blir vareteke som omtalt i rapporten. For tiltak i og nært vassdrag, må ein vurdere om omsynet til vassdrag og vassdragsverdiar er varetatt. Det gjeld ei generell aktsemdsplikt for tiltak i vassdrag (vassressurslova § 5). Kommunen har ikkje gjort ei konkret vurdering av om vilkåra for å gi dispensasjon frå pbl. § 1–8 eller føresegner i plan ligg føre, eller om omsynet til vassdraget er tilstrekkeleg varetatt.	Fylgjast opp i byggefase med aktuell fagressurs. På delar av strekninga vil det bli større avstand til vassdrag enn med dagens situasjon. Kommunen vil i sakshandsaminga ta stilling til om vilkåra for å gje dispensasjon er tilstades.



Statens vegvesen

Gnr./bnr. 95/3 Knut Olav Flothyl	Skjering over veg opp mot dyrka mark er særst bratt. Det er planta skog for å binde jorda, og vegetasjonen har funksjon som skjering mot veg (støy). Ser føre seg at planlagt tiltak med breidding av veg, vegskulder og skjering fører til at ein må langt inn på eigedomen. Stiller spørsmål til kompensasjon for ev. tap av dyrka mark, og alternativ til støyskjering. Avkøyning til Kastet har dårleg sikt, og det er sett på mogleg omlegging lengre vest. Avkøyninga må vera minst like stor som i dag. Avkøyning til Bergås har også dårleg sikt.	SVV vil ha dialog med grunneigar om løysing av veg forbi skråning, og avkøyning til både Kastet og Bergås. Detaljar vert løyst i byggefase.
Gnr./bnr. 97/1 Trond Neri Flothyl	Positiv til vegutbetring. Viktig at avkøyningar til både bustadar og driftstilkomstar vert teke omsyn til. Strekninga Haukeli-Vågsli er mykje bruka av syklistar, joggarar og gåande. Det kunne vore eit godt tiltak å ha ekstra brei vegskulder slik at mjuke trafikantar fekk ein plass lenger vekk frå tungbiltrafikken. I neste byggetrinn er det også tidlegare lagt til rette for gåande på utsida av autovernet ved hylen på Flothyl. Ein ynskjer dette vidareført eller helst lagt endå betre tilrette.	SVV vil ha dialog med grunneigarar om løysing av avkøyningar og driftstilkomstar. Detaljar vert løyst i byggefase, og i dette tilfelle i neste byggetrinn.